

Norlender Knitware på Hosanger går nye vegar for å opna fabrikk sin for publikum.



Lars Sveinung Lid
bn@bygdamytt.no

DENNE VEKA trakkar ti arkitektstudentar fram og tilbake på Hosanger, både på dag- og nattetid, for å gjera seg kjende med bygda. I løpet av våren skal dei kreative sjelene koma med nye idear om korleis tekstilfabrikken kan bli ein nytt reisemål i kommunen.

— Me ønskjer å endra verksemda frå å vera ei rein produksjonsbedrift, til ei opplevingsbedrift, fortel marknadsjef i Norlender Knitware, Astrid Tveiten.

— Ei av dei viktigaste målsetjingane for oss er å kunna oppretthalda kompetansen bedrifta i dag har på tekstilproduksjon. Me har bygd opp kunnskapen vår gjennom tre generasjonar, men slikt kan forsvinna på kort tid. Me ønskjer å omdefinera bedrifta si rolle frå å vera ei produksjonsbedrift til også å vera ein kompetanseberar, ei kjelde til kunnskap. For å kunna gjennomføra dette må det ombygging og nytenking til.

Bedrifta planlegg å opna produksjonslokala for publikum slik at folk kan bli slusa gjennom fabrikk, utan å forstyrra dei som arbeider der. Leinga ser

også for seg ein flott butikk og kanskje ein liten kafé.

SOM FORPROSJEKT til det arkitektoniske arbeidet har bedrifta tatt initiativ til eit samarbeid med Bergen Arkitektøgskule. I løpet av vinteren skal studentane frå Bergen bu på Hosanger i tre bolkar - på tre dagar kvar.

Søndag kveld var det oppstartmøte i fabrikk, og mange i bygda var møtt fram for å høyra om planane til bedrifta og for å møta studentane. Dette er masterclass-studentar, og mange av dei har arbeidd mange år som arkitektar allereie.

— I morgon natt skal dei gå Kossdalen, fortalde lærar og prosjektansvarleg Svein Hatloy.

— Me kan ikkje laga bygningar utan å kjenna landskapet eller ha prata med folka som bur der. Fabrikk må ut i samfunnet for ein får samfunnet inn i fabrikk.

Og det er bokstaveleg meint. Denne veka vil studentane ta med seg tekstilar frå fabrikk og leggja på ulike stader i bygda.

— Dette er ein måte å koma i kontakt med folk på, få dei til å stilla sine spørsmål, fortalde Hatloy.

— Neste gong me kjem, handlar det om å få bygda inn i fabrikk.



ULL TIL FOLKET: Arkitektstudentane frå Bergen samlar saman tekstilar dei skal ha med seg ut når dei skal møta bygdefolket på Hosanger. Professor Svein Hatloy (fremst) leier prosjektet som skal gje Norlender Knitwear AS idéar til vidareutvikling av fabrikk. Bak f.v.: Gyda Tveiten Lewis, Kathrine Jensen, Astrid Tveiten, Alwyn Lewis, Mona Elisabeth Steinstrand, Gaute Aas og Ping Hung Lin. Framme f.v.: Karin Van Wijngaarden, Tord Knapstad, Stine Fyrde Nilsen, Helene Dillner og Ina Bakka Sem-Olsen. Foto: Lars Sveinung Lid

ARKITEKTVEITRANEN var elles full av lovord om Hosanger:

— Eg tykkjer dette er ei modellbygg som mange har noko å læra av. Her er det vilje og evne til å driva bygda vidare. Montessoriskulen og "Vener av Mjøsvangen" kan stå som døme på det.

Hatloy la elles i sitt innlegg

mykje vekt på forholdet mellom bedrifta, bygda og naturen, som verksemda er ein del av:

— Plagga som blir produserte her, skal vera ferdige til ulike årstider. Fabrikk og produksjonen er med dette knytt til naturen sin eigen rytme, og bedrifta har sine egne produk-

sjonsårstider. Opplevingar er ikkje å setja i gang nye ting, men å ta del i det som hender.

Prosjektet skal avsluttast i mai, og marknadsjef Astrid Tveiten gler seg til resultat.

— Det er flott å få alle desse menneska med nye tankar og nye idear hit til oss. Det vil

hjelpa oss til å sjå på fabrikk og utearealet vårt med friske auge.

— Me ønskjer også å samarbeida med andre reisemål på øya, fortel marknadsjefen og skryt av "Vener av Mjøsvangen" for godt arbeid med å utvikla den indre delen av Mjøsvangen.

” Me ønskjer å endra verksemda frå rein produksjonsbedrift til ei opplevingsbedrift.

Astrid Tveiten, marknadsjef

— Kva tid vil ombygginga skje?

— Det veit me ikkje heilt enno. Dette er første steget i ein lang prosess, og forhåpentlegvis vil det hjelpa oss til å ta ein del avgjerder om korleis me skal gå fram i det vidare arbeidet.